

Årsmelding 2008



Foto: Marte Lange Vik. Selje kloster, personaltur september 2008

VESTLANDSFORSKING

Vestlandsforskning er eit frittståande, oppdragsbasert forskingsinstitutt. Instituttet er organisert som stifting og vart etablert 6. mars 1985. Instituttet er lokalisert i [Sogndal](#), i Campus Fosshaugane. Instituttet har 30 tilsette og ein årsumsetnad på ca.24 mill kroner. Vestlandsforskning har eit nært samarbeid med Høgskulen i Sogn og Fjordane.

Grunnleggande ide

Vestlandsforskning er eit internasjonalt orientert forskingsinstitutt med regional forankring. Vår visjon er kunnskapsutvikling og kunnskapsdeling.

Verdigrunnlag

Vestlandsforskning skal utføre kritisk og uavhengig forskning. Openheit er ein føresetnad i vår kunnskapsutvikling og kunnskapsdeling. Høg kvalitet skal kjennemerke alle delar av vår verksemd.

Mål

Vestlandsforskning skal levere kunnskapsbidrag av høg kvalitet som bidreg til auka innsikt, nytenking og utvikling både i politikktutforming, forvaltning og verdiskaping. Vestlandsforskning skal delta i forskingsfronten nasjonalt og internasjonalt og vere ein aktiv aktør i utvikling på Vestlandet.

Oppdrag

Vestlandsforskning er eit oppdragsbasert institutt og utfører forskning og utviklingsarbeid på oppdrag for næringsliv, offentleg sektor, Norges Forskningsråd, EU og Det Europeiske Forskningsorganet (ERA). Oppdraga omfattar regionale, nasjonale og internasjonale prosjekt.

Kvalitetssikring

Kvalitetssikring skjer gjennom fagleg rettleiing og kontroll og ved eit eige internt system for kvalitetssikring av prosjektgjennomføringa.

Regionalt kunnskapsknutepunkt

Vestlandsforskning og Høgskulen i Sogn og Fjordane utgjør eit samla regionalt kunnskapsmiljø med om lag 230 fagstillingar. Tilsette ved Høgskulen deltek òg i Vestlandsforskning sine prosjekt.

Finansiering

Prosjektinntektene finansierer den ordinære drifta i Vestlandsforskning. Tilskot i form av grunnløyvingar frå Norges Forskningsråd og Sogn og Fjordane fylkeskommune blir nytta til fagleg utvikling, doktorgradsarbeid og kvalitetssikring. Ved etableringa i 1985 gjekk Sogn og Fjordane fylkeskommune, Kommunaldepartementet og 62 bankar, bedrifter, kommunar og organisasjonar i fylket inn med eit grunnfond på 4 mill. kroner.

Organisering

Vestlandsforskning blir leia av styret samansett av sju medlemmer. Sogn og Fjordane fylkeskommune vel fleirtalet av desse, Norges Forskningsråd oppnemner eitt medlem. Direktøren er dagleg leiar for instituttet. Forskningsområda er organiserte tematisk og leia av forskingsleiarar og administrative gruppeleiarar.

Årsmelding 2008 - Vestlandsforskning

Oppdrag

82 prosjekt var under arbeid i 2008. Oppdraga fordelte seg slik etter storleik (i tusen kroner):

Prosjekt storleik	Tal prosjekt	Del av omsetninga
0-100	16	3%
101-500	24	16%
501-2000	28	35%
>2001	14	46%

Mange av forskingsarbeida går over fleire år og blir utført i samarbeid med andre fagmiljø både i regionen, i landet elles og internasjonalt.

Omsetnad og finansiering

Omsetnaden i 2008 var på 24,5 mill. kroner. Grunnløyving frå forskingsrådet utgjorde 6,5% av inntektene, grunnløyving frå fylkeskommunen 3,3% av inntektene, medan 90,2% var oppdragsinntekter.

Oppdraga fordeler seg slik etter oppdragsgjevar/finansieringskjelde:

	2008	2007	2006	2005
EU/Utland	12%	19%	13%	16%
Forskningsråd	39%	34%	20%	31%
Kommune/fk.kom.	14%	19%	18%	19%
Statsforvaltninga	14%	12%	30%	13%
Næringsliv og org.	21%	16%	29%	21%

Oversikten viser omsetnad etter oppdragsgjevarar, men gir ikkje eit bilete av kva brukarar eller tema prosjekta er retta mot. EU-kommisjonen, forskingsråd og statsforvaltninga er oppdragsgjevarar for ei rekkje prosjekt retta mot næringslivet og kommunesektoren.

Kommunar og næringsliv

Næringslivet medverka i 20 av prosjekta ved instituttet i 2008. Verksemdene er frå ulike bransjar og i alle storleikar, frå einmannsbedrifter til dei største verksemdene i landet.

I 17 av prosjekta under arbeid i 2008 var kommunar frå alle deler av landet deltakarar på ulike vis. I nokre prosjekt er kommunane oppdragsgjevarar, i andre er dei kjelde for primærdata eller utprøvkommune.

Regionalt samarbeid

Det regionale samarbeidet vart ytterlegare styrka i 2008 ved kunnskapssamarbeid av ulike slag. Fylkesmannen, fylkeskommunen, Innovasjon Noreg, kommunane, NHO og enkeltbedrifter i næringslivet, LO, organisasjonar og Høgskulen i Sogn og Fjordane er viktige samarbeidspartar. Samarbeidet kan også vere med ei gruppe bedrifter som t.d. med hotellbedriftene i Sogn, samt at vi har kunnskapssamarbeid på tvers av private bedrifter og offentlege verksemdar. Forskningsprogram for fornybar energi vart etablert i 2008 og er døme på det siste, der HSF og VF samarbeider med Statkraft, SFE og andre energibedrifter i Sogn og Fjordane, samt Norges Forskningsråd, om å bygge kunnskap fornybar energi i energifylket Sogn og Fjordane. VRI programmet har karakter av partnerskap, der partane i arbeidslivet og enkeltbedrifter saman med forvaltning, verkemiddelapparat og forskingsmiljø samarbeider om forskning og innovasjon i regionen. Utviklingsavtalen mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune, HSF og VF har som formål å utvikle forskingsprosjekt ved HSF og VF, utvikle doktorgrads- og professorkompetanse ved HSF og VF og bidra til fagleg utvikling ved HSF og VF gjennom internasjonalt arbeid og nettverksbygging.

Instituttet si rolle som regional utviklingsaktør og partner i innovasjonsarbeid går parallelt med rolla som tilbydar overfor regionale oppdragsgjevarar.

Internasjonalt samarbeid

Vestlandsforskning vektlegg internasjonalt arbeid. I 2008 var 13 av prosjekta eit samarbeid med forskarar i andre land i Europa. Desse prosjekta er gjerne større prosjekt som går over fleire år.

Vestlandsforskning var t.d. leading partner for det EU-finansierte prosjektet *Europe - China Cooperation in Green Electronics Production Research – ECGEPRO* (2006-2008). Prosjektet hadde deltakarar frå Shanghai University (China), Chalmers Technical University (Sweden), Loughborough University (UK), Conpart AS (Norway), ITR - Tele and Radio Research Institute, Warsaw (Poland) i tillegg til Vestlandsforskning. Arbeidet mobilisert sentrale aktørar og stimulerte til debatt om utvikling og fremming av miljøvennlege elektroniske produkt og produksjonsprosessar, samt styrka samarbeidet i forskning mellom Kina og Europa innan miljøvennleg elektronikk, sjå <http://www.ecgepro.eu/>

Forskarar frå instituttet heldt 13 foredrag på internasjonale konferansar/seminar i 6 land i 2008.

Publisering, formidling og informasjon

Forskarane har i 2008 bidrege med 6 artiklar med referee. Det vart gitt ut 9 VF-rapportar og 17 notat ved instituttet. Forskarane heldt til saman 87 foredrag, inkl. framlagde papers og foredrag utgitt i konferanserapportar. Forskarane har bidrege med 7 artiklar i bøker og tidsskrift. Vestlandsforskning har vore arrangør/medarrangør av 9 konferansar/seminar i 2008.

Publisering	2008	2007	2006
Artiklar/bøker med referee	6	11*	3*
VF publikasjonar	26	27	27
Foredrag/undervisning/paper	87	113	59
Artiklar i bøker/tidsskrift	7	17	9

* inkludert ei doktorgradsavhandling

Personale og kompetanseutvikling

Det vart utført ca. 24,6 årsverk ved instituttet i 2008. Ved utgangen av året hadde instituttet 32 tilsette, 28 forskarar (3 i permisjon ved årsskiftet) og 4 administrativt tilsette (1 i permisjon ved årsskiftet). Etterspurnaden etter kunnskapsutvikling på instituttet sine forskingsområde er stor og tal forskarårsverk aukar.

Tal forskarårsverk har auka med 50% siste 3 åra. Ved årsskiftet var det 24 forskarårsverk ved instituttet. Kjønnbalansen har blitt jamnare med 7 kvinnelege forskarar ved årsskiftet. Kvinner utgjer 29% av forskarstaben, ein auke frå 13% for tre år sidan. Det er eit mål å legge til rette for at ein kan kombinere forskarkarriere ved instituttet med familieliv på ein god måte. Traineesatsinga har vore vellukka og er vidareført i 2008. Prosjektinngangen for 2009 er god, og instituttet har framleis rekrutteringsbehov i 2009.

Det er gjennomført ei rekkje internprosjekt, seminar og andre aktivitetar som lekk i instituttet sitt eige utviklingsarbeid. Desse har både fagleg karakter og karakter av system- og instituttutvikling.

Stefan Gössling er frå juli 2008 professor. Ved utgangen av 2008 var det seks forskarar med hovudstilling ved instituttet med doktorgrad og fire som arbeider med doktorgrad. PhD Robert Engels og Professor Karl Georg Høyer er knytt til instituttet i bistillingar.

Vestlandsforskning hadde i 2008 to trainear. Erfaringane er gode og instituttet vidarefører traineeordninga. Vestlandsforskning ønskjer å legge til rette for at masterstudentar og PhD-studentar kan ha arbeidsplass ved instituttet.

Grøn bedrift

Som oppfølging av arbeidet med "Grøn bedrift" i 2007-2008, har ein prioriterte områda kantinedrift, kontordrift og reiseaktivitet. Når det gjeld kantinedrift, har ein gått over til økologiske produkt og lokalproduserte varer der det har vore tilgjengeleg frå vår faste leverandør eller direkte frå produsent. Kjeldesortering inkl våtorganisk avfall er gjennomført. Innan kontordrift er modul for tosidig utskrift på printer montert og scanner med direkte kopling til e-postsystem installert. Lite brukte abonnement er sagt opp og bevisstgjerjing om papirbruk har

Årsmelding 2008 - Vestlandsforskning

auka. Ved innkjøp av kontorrekvisita og inventar skal miljøvennlige produkt velgast, dvs produkt med svanemerke eller anna miljømerking. I ny IT-strategi som er under utarbeiding, er "grøn IT" eit tema.

Klimagassutslepp ved reising er den største miljøutfordringa for instituttet.

Oversikt – Flyreiser

		2008	2007
Tal reiser pr år	Utland	96	86
	Innland	328	207
Tal reiser pr årsverk pr år	Utland	3,9	4,0
	Innland	13,3	9,6
Flyreise km pr årsverk	Utland	4.537	8.094
	Innland	3.627	2.474

Skilnaden i tal reiser inn- og utland på dei ulike åra skuldast i nokon grad ulik metode.

I tillegg til fly, blir eigen bil og leigebil mykje brukt ved jobbreiser. Kurs i drivstoffeffektiv køyring er gjennomført for medarbeidarane i 2008 for å redusere utslepp frå bilkøyring, stipulert til 20% potensiell reduksjon i drivstofforbruk og klimagassutslepp.

Bruken av videokonferansar som erstatning for reiser ved Vestlandsforskning er aukande, men det er framleis muleg å auke bruken. Pågåande arbeid med å eliminere tekniske problem med kommunikasjon mellom utstyr frå ulike leverandørar er viktig for å auke bruken.

Vestlandsforskning skal vere synleg og tilgjengeleg for oppdragsgjevarar og samarbeidspartar. Når vi er lokaliserte i Sogndal, inneber dette mykje reising. Vi må leve med eit visst omfang av reising, men vi må unngå å reise unødvendig. Vestlandsforskning kompenserer for klimagassutslepp som følgjer av flyreisene medarbeidarane gjennomfører ved å kjøpe klimakvoter i gullstandardsertifiserte prosjekt gjennom FN's offisielle kvotesystem. For 2008 kjøpte Vestlandsforskning 80 CO₂ kvoter, som kompenserer for ca 43 tonn CO₂ ekvivalentar (CO₂, CH₄ og N₂O), korrigert for effekten av at klimagassar har ei sterkare effekt når dei blir slept ut i høgare luftlag i forhold til utslepp på bakken (RFI-indeksen).

Strategi 2007-2010

Vestlandsforskning rullerte i 2007 strategiane for utviklinga av instituttet dei næraste åra:

- Vidareutvikle ein tverrfagleg og internasjonal profil på våre forskingsområde
- Auke fagleg utviklingsaktivitet gjennom prioritering av publisering og doktorgradsarbeid
- Utvide forskingsaktiviteten mot nye bruksområde for kunnskapen vår
- Utvide til 25 forskarårsverk
- Utvikle ein robust organisasjon gjennom sterkare intern plattform og gjennom formalisert samarbeid med Høgskulen i Sogn og Fjordane og med andre universitet og forskingsinstitusjonar
- Sikre ei økonomisk solid og handlekraftig verksemd

Strategiane er konkretiserte og periodiserte og er styrande for årleg budsjettprioriteringar. Strategiplan 2007-2010 med grunnleggande ide og verdigrunnlag skal vere gjenkjenneleg i alle deler av verksemda.

STYRE OG LEIING

Styremedlemer

Knut M. Olsen, styreleiar
Hilde Buer, nestleiar
Berit Bringedal
Inger Johanne Sundby
Anne Kristin Hjelle Jordal
Per Morten Vigtel
Kyrre Groven

Varamedlemer

Reidar Sandal
Trude Brosvik
Yngve Hallen
Georg Arnestad
Karen Marie Hjelmæsæter
Ingjerd Skogseid
Inge Jan Henjesand

Dagleg leiing

Direktør Agnes Landstad
Kontorleiar Bjørg Haukereid

Miljøgruppa

Forskingsleiar Carlo Aall
Gruppeleiar Idun Anderssen Husabø

IT-gruppa

Forskingsleiar Ivar Petter Grøtten
Gruppeleiar Svein ØInes

PERSONALE

Otto Andersen, forskar
Eivind Brendehaug, forskar
Heather Broomfield, forskar - permisjon
Frida Ekstrøm, forskar frå 03.11.08
Robert Engels, bistilling
Agnes Brudvik Engeset, forskar frå 25.11.08
Guttorm Flatabø, forskingsassistent
Geoffrey Gilpin, forskar frå 01.09.08
Ole Inge Gjerald, forskar frå 01.09.08
Kyrre Groven, forskar
Ivar Petter Grøtten, forskingsleiar
Stefan Gössling, forskingskoordinator
Bjørg Haukereid, kontorleiar
Eli Heiberg, forskar frå 10.01.08
Erling Holden, forskar til 01.09.08
Nils Arne Hove, systemutviklar
Idun Husabø Anderssen, forskar
Karl Georg Høyer, professor i bistilling
Siri Kvammen, sekretær
Agnes Landstad, direktør
Øyvind Heimset Larsen, forskar
Hege Høyer Leivestad, forskar – perm. frå 29.10.08
Håvard Myrvang, IT-ansvarleg, permisjon
Hogne Lerøy Sataøen, forskar til 01.03.08
Morten Simonsen, forskar frå 01.09.08
Ingjerd Skogseid, forskar
Anne Lise Uglum Skaar, informasjonssekretær
Hanna Nyborg Storm, forskar til 17.10.08
Geir Strand, forskar
Ingrid Sælensminde, trainee frå 18.08.08
Eva Marie Tveit, forskar – permisjon frå 24.10.08
Marte Lange Vik, trainee frå 18.08.08
Hans Jakob Walnum, forskar frå 01.09.08
Svein ØInes, forskar
Terje Aaberge, forskar
Carlo Aall, forskingsleiar

Årsmelding 2008 - Vestlandsforskning

RESULTATREKNESKAP	2008	2007
DRIFTSINNEKTER OG DRIFTSKOSTNADER		
Sum driftsinntekter	<u>24.546.250</u>	<u>19.840.309</u>
Prosjektkostnader	6.456.928	5.506.493
Lønnskostnader m.m. (note)	14.057.944	11.616.950
Ordinær avskrivning	41.000	42.000
Andre driftskostnader	<u>3.064.097</u>	<u>2.115.218</u>
Sum driftskostnader	<u>23.619.970</u>	<u>19.280.661</u>
Driftsresultat	<u>926.281</u>	<u>559.648</u>
FINANSINNEKTER OG FINANSKOSTNADER		
Resultat av finansposter	<u>667.977</u>	<u>105.579</u>
ÅRSRESULTAT	<u>1.594.258</u>	<u>665.227</u>
BALANSE		
EIGENDELER		
Anleggsmidler		
Driftsløsøre, inventar, verktøy m.m.	<u>20.000</u>	<u>61.000</u>
Investering i aksjer	<u>18.700</u>	<u>10.000</u>
Sum anleggsmidler	<u>38.700</u>	<u>71.000</u>
Omløpsmidlar		
Prosjekt under arbeid	<u>3.744.083</u>	<u>2.519.458</u>
Sum fordringar	<u>4.848.673</u>	<u>4.487.050</u>
Bankinnskudd, kontanter ol.	<u>9.435.35</u>	<u>7.525.357</u>
Sum omløpsmidler	<u>18.028.091</u>	<u>14.531.865</u>
Sum eiendeler	<u>18.066.791</u>	<u>14.602.865</u>
GJELD OG EIGENKAPITAL		
Eigenkapital		
Grunnfond	4.000.000	4.000.000
Annan egenkapital	<u>3.556.325</u>	<u>1.962.067</u>
Sum egenkapital	<u>7.556.325</u>	<u>5.962.067</u>
Gjeld		
Langsiktig gjeld	<u>0</u>	<u>580.284</u>
Kortsiktig gjeld	<u>10.510.466</u>	<u>8.060.514</u>
Sum gjeld	<u>10.510.466</u>	<u>8.640.798</u>
SUM GJELD OG EIGENKAPITAL	<u>18.066.791</u>	<u>14.602.865</u>

STYRET SI VURDERING

Styret si vurdering

Fagleg profil og utvikling

Vestlandsforskning er eit internasjonalt orientert forskingsinstitutt med regional forankring. Instituttet arbeider etter langsiktige faglege strategiar der vi bygger vidare på styrkane i fagmiljøet og utviklar oss mot nye forskingstema og nye bruksområde. Tverrfagleg og internasjonal profil er framleis gjennomgåande kjennemerke på våre forskingsområde.

Nøktern økonomisk drift og viktige basisløyvingar frå Norges Forskningsråd og Sogn og Fjordane fylkeskommune har gjeve handlingsrom for faglege satsingar i 2008. Etablering av forskingsprogram for fornybar energi, styrking av klimaforskinga, styrking av forskinga på berekraftig reiseliv og etablering av Balestrandkonferansen har vore sentralt. Også utvikling av datagrunnlaget for transport- og miljøforskning og forskning på semantiske vevtenester har vore viktig. Auka vitenskapleg publisering står sentralt i den faglege utviklinga i instituttet.

Med eigne ressursar og med økonomisk støtte frå regionen og Forskningsrådet arbeider fagmiljøet med langsiktig kompetansebygging og med fagleg posisjonering nasjonalt og internasjonalt. Styret meiner dette er nødvendige investeringar for utvikling av instituttet.

Instituttet har i 2008 etablert Forskningsprogram for fornybar energi i samarbeid med Høgskulen i Sogn og Fjordane og med tyngda av finansiering frå energibedriftene i Sogn og Fjordane. Instituttet har også vidareutvikla det fagstrategiske samarbeidet med HSF om Forskingssenter for berekraftig reiseliv.

Fagleg kvalitetsutvikling er eit kontinuerleg og langsiktig arbeid. To forskarar har starta doktorgradsutdanning i 2008, medan to forskarar er halvvegs i sine doktorgradsløp. For styret er det eit mål å auke tal forskarar ved instituttet totalt og spesielt tal forskarar med doktorgrad.

Vitenskapleg publisering i tidsskrift med fagfellevurdering er eit kvalitetsstempel på forskingsarbeidet og ein viktig formidlingskanal i den akademiske verda. Styret er godt nøgd med at tal publiseringar veks. Auken er resultat av målretta ressursprioritering og er avgjerande for instituttet si faglege utvikling og renommé. Instituttet bør halde fokus på å auke denne aktiviteten ytterlegare i åra som kjem. Styret er samstundes merksam på nokre av dei negative sidene auka press på publisering har. Det er viktig å finne ein god balanse mellom vitenskapleg publisering og kunnskap som kan og bør dokumentarast og publisert på anna vis.

Vekst i omsetting og oppdragsfinansiering

Omsettinga i instituttet har auka med 23% i 2008. Aktiviteten ved Vestlandsforskning var 90% oppdragsfinansiert i 2008. Storleiken på nasjonale grunnløyvingar til forskingsinstitutta er framleis vanskeleg. Det gir store utfordringar ifht finansiering av vitenskapleg publisering og fagleg utviklingsarbeid som ikkje blir finansiert i oppdragsmarknaden. Høg aktivitet og god budsjett disiplin gir likevel eit rekneskap i balanse, i tråd med budsjett og strategiar. Så stor del oppdragsfinansiering set store krav til akkvisisjon og til relevans i forskingsarbeidet. Det krev også at instituttet har avsetningar for framtida, ikkje minst i dagens økonomisk usikre situasjon.

Styret er godt nøgd med arbeidet på instituttet i 2008. Arbeidet er i tråd med utviklingsstrategiane for instituttet og forskarane samhandlar godt med omjevnadene regionalt, nasjonalt og internasjonalt. Når Vestlandsforskning i 2008 fekk tildelt finansiering til større forskingsoppdrag på t.d. fornybar energi, på berekraftig reiseliv og på semantiske teknologiar, ser styret det som resultat av god langsiktig og målretta fagleg satsing mot tema som er aktuelle i samfunnet. Det er viktig også i åra som kjem å skape økonomisk handlingsrom for å vidareføre den målretta satsinga og bygge instituttet fagleg.

Fleire medarbeidarar

Tal forskarårsverk har auka med 50% siste 3 åra. Det er ved årsskiftet 24 forskarårsverk ved instituttet. Kjønnbalansen har blitt jamnare med 7 kvinnelege forskarar. Det er eit mål å legge til rette for at ein kan kombinere forskarkarriere ved instituttet med familieliv på ein god måte. Traineesatsinga har vore vellukka og er vidareført i 2008. Prosjektinngangen for 2009 er god, og instituttet har framleis rekrutteringsbehov innan IT i 2009.

Vestlandsforskning har stabilt og lågt sjukefråver. I 2008 var sjukefråveret 3,3%, noko høgare enn i 2007 (1,5%). Heimekontorløyising gjer at ein kan arbeide heimanfrå med fleksibilitet ifht sjuke born, noko som medfører at det registrerte sjukefråveret er lågare enn det elles ville vore. Arbeidsmiljøet er stabilt og godt.

Miljøkonsekvensar av drifta

Instituttet har fokus på miljøkonsekvensar av verksemda og korleis ein kan redusere desse. Reiseaktiviteten representerer den største utfordringa. Hovudfokus er å redusere reiseaktiviteten til eit minimum og i større grad nytte videokonferanse som møteform. For å redusere utsleppa frå bilkøyring i arbeidet, er det i 2008 gjennomført kurs i drivstoffeffektiv bilkøyring. Vestlandsforskning kompenserer for klimagassutsleppa frå flyreiser ved kjøp av CO₂ kvoter basert på "gullstandard".

Tre sentrale område og rammevilkår for instituttet si utvikling dei komande åra:

1) *Berekraftig reiseliv*

Regjeringa set tre hovudmål i sin reiselivsstrategi; a) auka verdiskaping og produktivitet, b) levedyktige distrikt gjennom fleire heilårs arbeidsplassar og c) Norge som berekraftig reisemål. Verdiskapinga skal skje på ein berekraftig måte slik at miljø- og klimaomsyn blir ivaretatt og natur- og kulturarven blir brukt som eit konkurransefortrinn. Mål om auka volum i reiselivet bidreg i utgangspunktet til svekka berekraft i form av auka transport og større belastning på lokalmiljø. Ein viktig del av reiselivsstrategien blir difor å utvikle ein politikk som sameinar ønsket om fleire turistar til Norge med målet om auka berekraft. Det forutset kunnskap om korleis ein kan redusere miljø- og klimakonsekvensane av auka reiseaktivitet og auke lokal verdiskaping.

Forskingssenter for berekraftig reiseliv skal støtte opp under den nasjonale reiselivsstrategien ved å utvikle kunnskap om korleis møte konflikten mellom auka turisme og klima- og miljøkonsekvensar av auka transport. Forskingssenteret skal som nasjonalt fagmiljø gje politisk leiing, verkemiddelapparat og næringslivsleiarar grunnlag for kunnskapsbaserte val. Forskingssenteret har fått positiv omtale i komitemerknad til Statsbudsjett 2008 og i Regjeringa sin nasjonale reiselivsstrategi. Næringslivet uttrykker aukande interesse for desse problemstillingane. I januar 2008 fekk instituttet tildelt eit 3-årig forskingsprosjekt frå Norges Forskningsråd; "Sustainable Destination Norway 2025". Det blir avgjerande for forskingssenteret at VF og HSF framleis prioriterer eigne ressursar til fagleg utvikling og at styresmaktene prioriterer ressursar til å bygge kunnskapsbasisen om miljørelaterte problemstillingar som næringsliv og politikkkutforming etterspør.

2) *Klima- og energipolitikk*

Klimaendringane er på dagsorden med full tyngde. Årsakene til og konsekvensane av klimaendringane er tydeleggjort m.a. gjennom tildeling av Nobels Fredspris i 2007, klimaforliket på Stortinget, FN's klimapanel's fjerde hovedrapport (2007) og ved urolege vertypar, ras, flaum osv. Behovet for kunnskap om føresetnader for lokal klimatilpassing og planlegging er stort og aukande i mange samfunnssektorar. Vestlandsforskning er no ein sentral kunnskapsleverandør på området i ei forlenging av vår historie innan miljø-, planlegging- og lokalsamfunnsforskning. Samtidig bygger vi saman med HSF opp forskingskompetanse innan fornybar energi. VF og HSF er no mellom dei forskingsmiljøa i Noreg med den største samfunnsfaglege forskingsgruppa innafor fornybar energi der andre og større forskingsmiljø satsar sterkt på teknologisk forskning. VF skal halde fram å bygge seg på desse områda i åra som kjem, i samarbeid med naturvitskaplege og teknologiske forskingsmiljø nasjonalt og internasjonalt.

3) *Forskingspolitikk i økonomiske nedgangstider*

Dei økonomiske konjunkturane innverkar på privat næringsliv sitt fokus og finansielt engasjement i forskning. Forskningsrådet konkluderer etter ei undersøking mellom 400 bedrifter (www.forskningsradet.no 8.des 2008) med at "En av fire bedrifter har forskningsprosjekter som rammes av finanskrisen. De fleste av disse demper forskningsaktivitetene eller utsetter prosjekter." Vestlandsforskning har heldigvis god prosjektdekning for 2009. Samtidig blir det sett i verk ein motkonjunkturpolitikk frå Regjeringa som har eit uttalt mål om å bruke "krisepakane" til å justere utviklinga i samfunnet i ei meir berekraftig retning, dvs meir fokus på miljøvennlege løysingar innan næringsliv og offentleg sektor som gir redusert utslepp av klimagassar. Klimatiltak, fornybar energi og nye teknologiske løysingar er tydeleg prioriterte område førebels.

Styret forventar at ny forskingsmelding under utarbeiding våren 2009 vil reflektere behovet for ny kunnskap for ei samfunnsendring i berekraftig retning, dvs ikkje avgrensa til teknologiutvikling, men også om rammevilkår og andre forutsetningar i samfunnet. Forskingsmeldinga bør innebere eit vesentleg løft i forskingsmidlar til samfunnsvitskapleg forskning på klimasårbarheit og -tilpassing, fornybar energi, berekraftig reiseliv og IKT som avstands- og transportreduserande løysing.

Årsmelding 2008 - Vestlandsforskning

Regionalt, nasjonalt og internasjonalt engasjement

Vestlandsforskning samhandlar godt med offentleg og privat verksemd og med andre forskingsmiljø regionalt, nasjonalt og internasjonalt. I 2008 har instituttet utvikla rolla i regionen gjennom m.a. Forskingsprogram for fornybar energi i samarbeid med Høgskulen i Sogn og Fjordane, Statkraft, SFE og andre energibedrifter i fylket, samarbeid med Hydro Teknologi, med Sparebanken Sogn og Fjordane om Klimabanken, med IT-forum, med Sogn og Fjordane fylkeskommune og HSF om Utviklingsavtale og med partnerskapen i fylket om VRI. Regionale forskingsfond skal utviklast i løpet av 2009. Styret ser dette som ein viktig mulegheit for auka forskningssamarbeid med bedrifter og offentlege verksemdar i regionen innanfor prioriterte område for kunnskapsutvikling i regionen. Styret forventar at VF blir involvert i desse prosessane.

Den nasjonale rolla til instituttet er tydeleg gjennom samarbeid med og oppdrag for nasjonale verksemdar, oppdrag finansiert av Forskingsrådet i programma Miljø 2015, RENERGI og VERDIKT, samt Forskingssenter for berekraftig reiseliv.

Den internasjonale rolla er sterk i Vestlandsforskning, t.d. som leading partner for det EU-finansierte prosjektet *Europe - China Cooperation in Green Electronics Production Research – ECGEPRO* (2006-2008), fleire forskingsarbeid finansiert gjennom Interreg og 7.Rammeprogram i EU. På alle dei tre nivåa skal Vestlandsforskning framleis ha ei tydeleg rolle som kunnskapsleverandør og samarbeidspart. I 2009 vil styrking av det internasjonale forskingssamarbeidet framleis ha eit særskilt fokus.

FRÅ AKTIVITETEN I 2008

Musikkens DNA

MetaMoses er eit prosjekt delfinansiert av Norges forskningsråd under Verdikt-programmet. Det er leia av Bach Technology AS, Bergen som saman med 4FriendsOnly GmbH, IImenau Tyskland testar ut nye forretningsmodellar for sal av musikk på internett via mobiltelefon. Forskingspartnarar er Fraunhofer-Institut für Digitale Medientechnologie, IImenau, Tyskland og Vestlandsforskning.

Bakgrunnen for prosjektet er det store talet låtar på nettet, estimert til 50 millionar, deriblant mykje ukjent musikk som mange ville kunne lika, men som er vanskeleg å finna fram til.

Målet med prosjektet er å leggja til rette for ei meir effektiv verdikjede med auka inntekt for opphavsrettseigarar. Prosjektet skal utvikla og gjere tilgjengeleg verktyø for at sluttbrukarar lettare kan finna fram til slike låtar og samtidig bli aktive bidragsytarar i skaping, marknadsføring og vidaresejing av multimedieprodukt.

Vestlandsforskning si oppgåve er å utvikla eit rammeverk for omtale av musikk. Rammeverket blir så brukt av Fraunhofer IDMT som på si side utviklar metodar for maskinell ekstrahering av omtalen frå musikkfilene. Omtalen vil, saman med data som angir artistar osv. bli lagt til musikkfila (annotert) og brukt som basis for seinare atffinning. Dette kan skje ved:

- enkle søk
- søk basert på likskap
- browsing
- tilråding

Enkle søk er tekstbaserte. Brukaren legg inn eitt eller fleire ord som karakteriserer musikken og får i retur ei liste over låtar som tilfredstiller søkekriteria. Dei er ordna etter relevans. Resultatet er bestemt av samsvaret mellom søkekriteria og annoteringa av musikkfilene.

Ein måte å leggja inn meir informasjon om musikken, er å referera til eit musikkstykke og be om liknande musikk. Søkekriteria er då mellom anna bestemt av annoteringane til det valde stykket. Søket kan presiserast ved at å legge til kriteria som uttrykkjer eigenskapar ved musikken som skal stemma overeins. Browsing er basert på hierarkisk strukturerte menyar med ein hensiktsmessig kategorisering. Menytitlane må vera allment forstått av potensielle brukarar.

Tilråding er basert på samsvaret mellom musikksmaken til brukaren og innhaldet i musikksamlinga han søker i. Formuleringa av ein presis profil for brukaren si musikkinteressa er derfor i dette tilfelle naudsynt for relevante resultat. Profilen må uttrykkjast i det same språket som omtalen av musikken lagt inn i musikkfila for å tillata ei samanlikning. Profilen kan delvis bestemmast av ei analyse av brukaren sin musikkolleksjon. Metodane utvikla og testa i MetaMoses.vil spesielt betre kvaliteten på søk ved samanlikning og tilråding.

Vi bør være forberedt på omstillingar

Det er ikkje berre klimaendringane som påverkar kor sårbare vi kan bli for klimarelaterte naturskadar. Kor vi buset oss og korleis vi lever kan bli minst like avgjerande.

Det kan verke sjølvsgatt at vi blir meir eller mindre utsette for naturskadar alt etter kor vi plasserer hus og vegar, eller korleis vi byggjer dei for å tole vêr og vind. Sjølv om utviklinga i samfunn og økonomi opplagt påverkar kor sårbart eller tilpassingsdyktig samfunnet blir i møte med eit endra klima, ser analysar av klimasårbarheit ofte bort frå at *både* klimaet og samfunnet endrar seg. For å få eit betre bilde av klimautfordringar norske kommunar kan stå overfor, har Vestlandsforskning på oppdrag frå KS leidd eit arbeid med å utvikle lokale klimascenario og samfunnsscenario, og sett på samanhengen mellom dei. Prosjektet er utført i samarbeid med Østlandsforskning, Norges geotekniske institutt og Universitetet i Stavanger.

Eit blikk inn i framtida

Klimaendringane kan skape nye naturskadeproblem i norske lokalsamfunn. Større nedbørmengder, meir intens nedbør og høgare stormflo vil gje endringar i naturskadesituasjonen. Vel så viktig er det at velkjente naturfenomen som skred og flaum vil opptre på nye måtar, på nye stader og til nye tider av året. Kor store effektar klimaendringane får på naturskadesituasjonen, avheng ikkje minst av på kva måtar samfunnet vil endre seg.

For å gje eit inntrykk av korleis naturskadesituasjonen kan kome til å prege norske lokalsamfunn, har vi teikna framtidsscenario for sju svært ulike kommunar spreidd over heile landet for åra 2025 (kommunar) og 2060 ("storregionar"). Scenarioa tar utgangspunkt i kva som kan bli utviklinga dersom det ikkje blir innført tiltak for å redusere utslepp eller for å tilpasse seg klimaendringar. Ved å kople lokale klima- og samfunnsscenario har vi peikt på ei rekkje moglege utfordringar som kan fungere som innspel til den kommunale langtidsplanlegginga.

I samfunnsscenarioa har vi sett på faktorane demografi, arbeids- og næringsliv, busettingsmønster og mentalitet i befolkninga. Vi teiknar ei befolkningsutvikling prega av eldrebølgja, som skapar press på velferdstenestene. Innvandring vil sørge for folkevekst. Arbeidslivet vil bli prega av meir privat tenesteyting, og fleire vil bu nær dei store byane. Plassmangel i urbane strøk vil gje auka pendling, i stor grad basert på privatbil. Mentaliteten vil vere prega av forbruksvekst.

Meir sårbare – trong for radikale endringar?

Nokre av utviklingstrekk forsterkar den samfunnsøkonomiske sårbarheita for klimaendringar. Eit tenestesamfunn med stort transportbehov gir ein veksande infrastruktur som er sårbar for naturskade. Når forstadsområda veks vil det tvinge fram infrastrukturinvesteringar i sentrale strøk. Dette kan gå ut over vedlikehald og sikring av det eksisterande vegnettet. Fortetting i urbane strøk kan også føre til at det blir bygd i sårbare sentrumsnære område som er utsette for flaum og skred.

Trongen for omstillingar på grunn av klimaendringar ser ut til å vere moderat om vi stør oss på høyringsforslaga til nasjonal strategi for klimatilpassing og framlegg til ny plan- og bygningslov og naturskadelov. Analysen vår gir heller ikkje grunnlag for å tru at naturskadesituasjonen vil bli dramatisk endra på en måte som vil krevje radikale samfunnsomstillingar. Det finst likevel grunnleggande uvisse knytt til utviklinga både i klimaet og i samfunnet. Difor er det grunn til å vurdere om samfunnet kan kome til å passere grensa for større omstillingsbehov.

Groven, K., H. H. Leivestad, C. Aall, T. Selstad, Ø. A. Høydal, A. S. Nilsen og S. Serigstad (2008): *Naturskade i kommunene. Sluttrapport fra prosjekt for KS. Vestlandsforskning-rapport nr. 4/2008.*

<http://www.vestforsk.no/www/show.do?page=12&articleid=2241>

<http://www.ks.no/templates/Page.aspx?id=50532>

Forskningsprogram om fornybar energi

Historien om da fire ideer blir til én!

Idé 1: Høsten 2007 kjørte direktør og forskningsleder i tett snødrev til Florø. Vi var invitert til styremøte i Sogn og Fjordane Energi (SFE) for å fortelle om VRI og fornybar energi. På Forskningsrådets nettsider kan man lese at "VRI er Forskningsrådets hovedsatsing på forskning og innovasjon i norske regioner. VRI skal fremme innovasjon, kunnskapsutvikling og verdiskaping gjennom regional samhandling og en forsterket FoU-innsats i og for regionene". Kunne SFE være interessert i dette? Med forskning og innovasjon i blikket og fornybar energi i tankene trådte vi inn i styrerommet...

Idé 2: Nærmere jul samme år møttes en liten gruppe fagansatte på VF og Høgskulen (HSF) til en uformell prat om fornybar energi. I én ende av bordet satt en gruppe med lang fartstid innen forskning på energisystemer og miljøkonsekvenser. I den andre enden satt en gruppe med en like lang fartstid innen forskning på landskapsinngrep og økologi. Klemte mellom disse erfarne forskeren satt en liten gruppe nokså ferske forskere med kunnskap om økonomi og markedsføring. Alle var interessert i fornybar energi, så hva med å gjøre noe som gjorde oss sterkere sammen enn hver for oss? Kanskje et felles forskningsprogram ...

Idé 3: Forskerne var imidlertid ikke de første som ville forske på fornybar energi. Siden 2003 var det etablert forskningssentre og -program om fornybar energi på NTNU, UMB, BI og flere av de regionale høgskolene. Hvordan skulle de unngå å utfordre disse etablerte miljøene? Hva skulle de satse på? To forhold gjorde at det

hele falt på plass. Det første var at de etablerte sentrene og programmene i hovedsak satset på utvikling av fornybare energikilder og -teknologier. Det andre var at VF og HSFs interesse og kunnskap gikk i en annen retning: Vi ville sette søkelyset på de samfunnsmessige rammebetingelsene for tilrettlegging og bruk av fornybar energi. Det så ut til at vi hadde funnet en nisje...

Idé 4: Kjernen i Programmet var forskerutdanning på doktorgradsnivå. Det er to grunner til det. For det første var det viktig å bygge grunnleggende kompetanse på de forskningsfeltene som ble valgt ut (se programnotat, februar 2009). Doktorgradsutdanning er nøkkelen til slik kompetanse. For det andre var det viktig å vise omverdenen at forskningsmiljøet i Sogndal kunne tilby unge, ambisiøse forskere et doktorgradsløp. Problemet var at HSF ikke kan tildele doktorgrader, så vi trengte noen som kunne. VF hadde i flere år samarbeidet med KULT-senteret på NTNU om nettopp samfunnsvitenskapelig energiforskning. De har et eget doktorgradsprogram, så hva om vi spurte dem ...

